

NOTAT

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Sjukehusapoteka Vest

DATO: 22.09.2020
FRÅ: Administrerende direktør Jon Bolstad
SAKSHANDSAMAR: Fagdirektør Christer Bakke Frantzen

SAKA GJELD: **Administrerende direktør si orientering pkt. 6
Innsatsstyrt finansiering i sjukehus – klinisk farmasøyt**

ARKIVSAK: 2020/204
STYRESAK: 27/20

STYREMØTE: **29.09.2020**

Oppsummering

Frå 2021 vil polikliniske konsultasjonar med klinisk farmasøyt inngå i ISF. Samstundes kjem det ein ny kode for tverrfagleg vurdering ved kjent tilstand. Dette kan opne både for nye måtar å nytte farmasøytisk kompetanse i sjukehusa samt utvide inntektsgrunnlaget for oppgåver farmasøyt allereie utfører. Det er behov for ein gjennomgang av korleis farmasøyten sine oppgåver i pasienttilgang kan utløyse finansiering gjennom både nytt og eksisterande kodeverk.

Fakta

Legemiddel er ein av dei viktigaste innsatsfaktorane i helsetenesta. Legemiddelområdet er stort og komplekst og frekvens av uønska hendingar er høg. Særleg er overgang mellom omsorgsnivå og oppfølging av endringar i legemiddelbehandling utfordrande for både pasient og helsepersonell.

Regelverk

Etter innspel frå SAV høyringsfråsegn til Helsedirektoratet (HDir) sende Helse Vest i januar 2020 melding om å inkludera farmasøytar som sjølvstendig helsepersonell i ISF-ordninga. I juni opplyste HDir at polikliniske konsultasjonar med kliniske farmasøytar vil bli inkludert i ISF-ordninga frå 2021. Samstundes kom det ein ny kode for tverrfagleg vurdering ved kjent tilstand. HDir opplysar og om at ein skal arbeide mot eit langsiktig mål om full personellnøytralitet i ISF-regelverket for somatikk.

Aktuelle ordningar/kodar fagavdelinga i SAV til no har identifisert som kan ha betydning for korleis farmasøyt kan nyttast i pasienttilgang er:

- *Polikliniske konsultasjoner med klinisk farmasøyt (ny - 2021)*
- *WMAA11: Tverrfaglig vurdering ved kjent tilstand (ny - 2021)*
- *WMAA10: Tverrfaglig utredning av ukjent tilstand*
- *WPBA10: Oppfølgings- og samarbeidsmøter med tjenester utenfor spesialisthelsetjenesten, uten pasient, foreldre eller pårørende tilstede*
- *WPBA15: Oppfølgings- og samarbeidsmøter med tjenester utenfor spesialisthelsetjenesten, med pasient, foreldre eller pårørende tilstede*
- *WPBA20: Oppfølgings- og samarbeidssamtale per telefon, med kommunal helse- og omsorgstjeneste, barnevern, NAV, eller skole- og utdanningsrelatert virksomhet*
- *WRBA24: Rådgivning og samarbeid mellom palliativt senter og kommunal helse- og omsorgstjeneste*
- *B0044: Teambasert oppfølging som bidrar til helhetlige og sammenhengende pasientforløp*
- *B0045: Strukturert oppfølging fra tverrfaglige integrerte team*
- *A0099: Pasientopplæring*
- *Prosedystyrte DRGer (9970: Tverrfaglig utredning, 9980: Grupperettet pasientopplæring)*
- *DRG 9930: Samarbeid- og oppfølgingsmøte med samarbeidspart utenfor spesialisthelsetjenesten for somatiske problemstillinger*
- *DRG 9950: Oppfølgingssamtale med samarbeidspart utenfor spesialisthelsetjenesten for somatiske problemstillinger*
- *STG: XS09: Teambaserte tverrfaglige oppfølgingstjenester*

Farmasøytiske tenester

I dag nyttar ein kliniske farmasøytar mellom anna til rådgjeving på legemiddelområdet, samt til legemiddelsamstemming, legemiddelgjennomgang, deltaking i pasientforløp ved hoftebrot, beinmargstransplantasjon og fedmekirurgi, pasientundervising og i poliklinikk (t.d. astmapasientar, revmatiske pasientar og ortopediske pasientar med falltendens).

Å få på plass ei delt finansiering av arbeidet som vert utført av klinisk farmasøyt gjennom ISF vil auka moglegheiten sjukehusa har for å inkludera slik kompetanse i fleire aktuelle pasientforløp og auka sjukehusa sitt grunnlag for inntekter for oppgåver som allereie vert utført av farmasøyt.

Oppfølging av endring

SAV vil følge opp endringane i tett samarbeid med sjukehusa. Eit oppdatert regelverk vil vere klart medio oktober. Når detaljane i regelverket er klare, vil SAV legge fram sak for regionalt fagdirektørmøte (november). Det vil deretter bli oppretta dialog med kvart sjukehusføretak for å diskutere tilnærming og eventuelt gjere avtale endringar. Føretaksadministrasjonen vil støtte kvart apotek i dette arbeidet.